
Fra: Anthony Natås <Anthony.Natas@bostek.no>
Sendt: 30. april 2015 15:12
Til: Anne Lise Molvik
Emne: SV: Utsleppsløyve for bustad på gbnr 43/9 Natås - oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg.
Vedlegg: SKM_C554e15043015120.pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei Anne Lise

Vedlagt foreligger serviceavtale for vedlikehold av anlegget.

Rørleggerselskap sender egen søknad, godkjenning for idriftsettelse av anlegg.

Mange takk for hjelpen, God helg :)

Med vennlig hilsen/Best regards

Anthony Natås

Service / Garantikoordinator

Bostek

P: +47 92 64 91 26

E: an@bostek.no

www.bostek.no



Powered by knowledge

Driven by **engines**

<end of original message>

 **Please consider the environment before printing this e-mail.**

This communication is intended for the person(s) named above only. It may contain information that is confidential or legally privileged.

If received in error, please delete it from your system.

Fra: Anne Lise Molvik [<mailto:anne.lise.molvik@lindas.kommune.no>]

Sendt: 29. april 2015 11:03

Til: Anthony Natås

Emne: Utsleppsløyve for bustad på gbnr 43/9 Natås - oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg.

Til Anthony Natås

Du har søkt om og fått utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kap 12. Sjølve etableringa av anlegget krev løyve etter pbl § 20-1. Søknad, prosjektering og utførelse skal forestås av føretak med ansvarsrett i samsvar med bestemmelsane i pbl kap 22 og 23.

Det er gjerne rørleggarføretaket som skal utføra arbeidet som søker om løyve.

Mvh

Anne Lise Molvik
Rådgjevar
Lindås kommune

Fra: Anthony Natås [<mailto:Anthony.Natas@bostek.no>]

Sendt: 24. april 2015 11:16

Til: Anne Lise Molvik

Emne: SV: Utsleppsløyve for bustad på gbnr 43/9 Natås - oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg.

Hei Anne Lise

Nå ble jeg litt usikker. Er det ikke en slik søknad til Plan og Bygningsloven Lindås kommune har fått ihht §20-1 ?

Trenger Lindås Kommune en ytterligere søknad før jeg kan koble opp renseanlegget?

Mange takk for hjelpen. :)

PBL § 20-1

“§ 20-1. Tiltak som krever søknad og tillatelse

Med mindre annet framgår av §§ 20-3 og 20-4, må følgende tiltak, på eller i grunnen, i vassdrag eller i sjøområder, ikke utføres uten at søknad, og eventuelt søknad om dispensasjon, på forhånd er sendt kommunen, og den deretter har gitt tillatelse:

- a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg
- b) vesentlig endring eller vesentlig reparasjon av tiltak som nevnt under a
- c) fasadeendring
- d) bruksendring eller vesentlig utvidelse eller vesentlig endring av tidligere drift av tiltak som nevnt i bokstav a
- e) riving av tiltak som nevnt i bokstav a
- f) oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjoner
- g) oppdeling eller sammenføring av bruksenheter i boliger samt annen ombygging som medfører fravikelse av bolig
- h) oppføring av innhegning mot veg
- i) plassering av skilt- og reklameinnretninger
- j) plassering av midlertidige bygninger, konstruksjoner eller anlegg
- k) vesentlig terrenginngrep
- l) anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass
- m) opprettelse av ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller nytt jordsameie, eller opprettelse av ny festegrund for bortfeste som kan gjelde i mer enn 10 år, eller arealoverføring, jf. lov om eigedomsregistrering. Slik tillatelse er ikke nødvendig når tiltak etter første punktum skjer som ledd i jordskifte i samsvar med rettslig bindende plan.”

Med vennlig hilsen/Best regards

Anthony Natås

Service / Garantikoordinator

Bostek

P: +47 92 64 91 26

E: an@bostek.no

www.bostek.no



Powered by knowledge

Driven by **engines**

<end of original message>

 Please consider the environment before printing this e-mail.

This communication is intended for the person(s) named above only. It may contain information that is confidential or legally privileged.

If received in error, please delete it from your system.

Fra: Anne Lise Molvik [<mailto:anne.lise.molvik@lindas.kommune.no>]

Sendt: 24. april 2015 10:58

Til: Anthony Natås

Emne: SV: Utsleppsløyve for bustad på gbnr 43/9 Natås - oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg.

Hei

Vi gjer merksam på at tiltaket krev løyve etter pbl før etablering av anlegget kan ta til, jf. vilkår i vedtaket.

Mvh

Anne Lise Molvik

Rådgjevar

Lindås kommune

Fra: Anthony Natås [<mailto:Anthony.Natas@bostek.no>]

Sendt: 24. april 2015 10:41

Til: Anne Lise Molvik

Emne: SV: Utsleppsløyve for bustad på gbnr 43/9 Natås - oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg.

Hei Anne Lise

Takker for godkjenning av anlegget, da kan jeg gi beskjed til entrepenør for utgraving og Sotra VVS / Odin for bestilling, oppkobling / levering anlegg.

Litt usikker på om det er Odin selv eller Sotra VVS som vil håndtere servicen 2 ganger i året. Odin sier de normalt gjør det selv, men benytter lokale aktører om det er få anlegg i et gitt område. Dette skal jeg få avklart.

Ønsker deg riktig god helg :)

Med vennlig hilsen/Best regards

Anthony Natås

Service / Garantikoordinator

Bostek

P: +47 92 64 91 26

E: an@bostek.no

www.bostek.no



Powered by knowledge

Driven by **engines**

<end of original message>

 Please consider the environment before printing this e-mail.

This communication is intended for the person(s) named above only. It may contain information that is confidential or legally privileged.

If received in error, please delete it from your system.

Fra: Anne Lise Molvik [<mailto:anne.lise.molvik@lindas.kommune.no>]

Sendt: 24. april 2015 10:13

Til: Anthony Natås

Emne: Utsleppsløyve for bustad på gbnr 43/9 Natås - oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg.

Anthony Natås

Sævråsvegen 305

5957 MYKING

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/906 - 15/8221

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

23.04.2015

Utsleppsløyve for bustad på gbnr 43/9 Natås - oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg.

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:	Anthony Natås
Ansvarleg søker:	Anthony Natås
Type utslepp :	Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype:	Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av utsleppsløyve for eksisterande våningshus på gbnr 43/9. Søknaden er knytt til planlagt framtidig renovering/etablering av tilbygg til bustaden.

Bustaden har i dag eit eldre avlaupsanlegg med slamavskiljar. Det vert no søkt om å etablera biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Odin - MBK-1. Det skal ikkje etablerast fleire bu-einingar. Søknaden gjeld ei bu-eining. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 17.03.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett som LNF-føremål. Tiltaket, som gjeld utskifting/oppgradering av eksisterande avlaupsløysing, vert vurdert å vera i samsvar med plangrunnlaget.

Nabovarsel

Tiltaket gjeld oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg med slamavskiljar til anlegg som stettar reinsekrava som gjeld i dag. Tiltaket medfører ei forbetring i høve til eksisterande situasjon. Det vert gitt fritak frå nabovarsling, jf forureiningsforskrifta § 12-4.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 17.03.2015, jf forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Odin med etterpoleringsanlegg. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser, jf forureiningsforskrifta 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Det er ikkje dokumentert serviceavtale.

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

VURDERING

Omsøkte tiltak gjeld oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg til nytt anlegg med reinsekrav som er i samsvar med gjeldande krav. Søknaden vil gje ei betre og oppdatert avlaupsløysing i samsvar med gjeldande krav, og kan etter kommunen si vurdering godkjennast på vilkår av

- at avlaupet frå anlegget vert ført i tett leidning til jordbruksgrøft eller bekk med heilårs vassføring/vassdrag.
- at det vert inngått serviceavtale for drift- og vedlikehald av anlegget

Godkjenning etter andre lovverk

Tiltaket er søknadspliktig etter reglane i plan- og bygningslova § 20-1. Naudsynt løyve må liggja føre før arbeidet tek til.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for ei bu-eining, inntil 5 pe, i samsvar med søknad mottatt 17.03.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk anlegg av typen Odin – MBK-1 med etterpolering slik søkt om, før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til jordbruksgrøft eller bekk med heilårsvassføring/vassdrag.
2. Det skal dokumenterast at det ligg føre serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest for anlegget.
3. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre naudsynt løyve etter plan- og bygningslova § 20-1. Oppdatert og målsatt situasjonskart som viser plassering av anlegget og kor avlaupet frå reinseanlegget vert ført vidare skal følgja søknaden.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova medfører ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller dersom arbeidet vert innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget, eller nokon del av det, kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.2	Utsleppsløyve der det i dag er eldre godkjende avlaupsanlegg, 70 % reduksjon av gebyr	1	Kr 1 690,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 1 690,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/906

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi til:

Teknisk drift

her